



**Bjørnafjorden
landbrukskontor**

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Retningslinjer for kommunens tildeling av NMSK-tilskot i Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger kommune 2025 – 2029.



Samanhengande med Skoglova og forskrifta om berekraftig skog, er det fastsett retningslinjer og krav som regulerer prinsippa for skogforvaltning og tiltak for å sikre ei ansvarleg og berekraftig utnytting av skogressursane.

Innhald

Retningslinjer for kommunens tildeling av NMSK- tilskot i Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger kommune 2025 – 2029	1
Introduksjon	3
1 Målsetjingar:	3
2 Hovudprinsipp:	3
3 Status skog og skogbruk	4
4 Treslag fordeling.....	5
Bjørnafjorden kommune.....	5
Tysnes kommune.....	5
Samnanger kommune	6
5 Skog og skogbruket i framtida	7
6 Grunnlag og kriterium for tildeling av tilskot etter kommunale retningslinjer	9
6.1 Planting	9
6.2 Suppleringsplanting	11
6.3 Ungskogpleie og avstandsregulering	12
6.4 Tynning	13
6.5 Flaterydding (mekanisk lauv og busk rydding)	13
6.6 Markberedning	13
6.7 Gjødsling fastmark.....	13
6.8 Mekanisk arbeid.....	13
6.9 Tilskot til miljøtiltak i skog.....	14
6.10 Såing	14
6.11 Førebygging mot hjort	14
7 Tilskotssatsar og eksemplar	16
Oversikt over tilskotssatsar	16
Døme på ulike konstellasjonar av tilskot	17

Introduksjon

Formålet med tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er å stimulere til auka verdiskaping i næringa utifrå regionale og lokale prioriteringar. Samstundes skal tilskot bidra til å ivareta og vidareutvikle miljøverdiane knytte til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogane.

Kommunen har ansvar for å fastsetje overordna retningslinjer for prioritering av søknader.

Skogbruket er ein viktig del av den lokale økonomien samstundes som det har stor innverknad på miljøet og landskapet. For å støtte opp under både berekraftig skogforvaltning og økonomisk vekst, har Bjørnafjorden landbrukskontoret utarbeidd retningslinjer for tilskotsordningar innan nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK).

1 Målsetjingar:

Berekraftig skogforvaltning: Retningslinjene har som mål å fremje ein berekraftig utnytting av skogressursane, der omsyn til miljø, biologisk mangfald og økosystemtenester vert prioriterte.

Økonomisk utvikling: Gjennom tilskotsordningane ønskjer kommunane å støtte opp om skogbruket si rolle som ein viktig næring, bidra til verdiskaping og tryggje arbeidsplassar i lokalsamfunnet.

Miljøvern og klimatiltak: Retningslinjene legg vekt på tiltak som bidrar til å redusere klimagassutslepp, bevare og styrkje skogen si evne til å binde karbon, samt beskytte sårbare naturområde og artar.

2 Hovudprinsipp:

Fagleg kvalitet og relevans: Kommunen vil vurdere søknadane basert på tiltaket si faglege kvalitet og relevans for å oppnå måla innan skogbruk, miljøvern og klimatiltak.

Tilpassing til lokale forhold: Retningslinjene tek omsyn til kvar einskild kommunane sine særeigne skogbruk og miljøutfordringar, og tiltaka skal vera tilpassa lokale forhold og behov.

Samspel mellom næring og miljø: Tilskotsordningane fremjar tiltak som balanserer omsyna mellom næringsinteresser og miljøomsyn, og oppmuntrar til innovative løysingar som harmonerer med begge desse målsetjingane.

Samarbeid og kunnskapsutveksling: Kommunen oppmodar til samarbeid mellom skogbruket, forskingsmiljø, frivillige organisasjonar og andre relevante aktørar for å utveksle kunnskap og erfaringar som kan bidra til å styrkje skogforvaltninga.

Søknad om NMSK-tilskot blir handsama av Bjørnafjorden landbrukskontoret.

3 Status skog og skogbruk

Skogbruket utgjer ein svært viktig del av næringa i våre tre kommunar.

Det er 322 840 dekar skog i Bjørnafjorden kommune, som utgjer 62% av kommunen. Av dette er 218 342 dekar produktiv skog. I Tysnes kommune har vi 188 316 dekar skog, som utgjer 71% av kommunen, der 151 200 dekar er produktiv skog. I Samnanger kommune er det 99 405 dekar skog, som utgjer 37% av kommunen, og av dette er 65 387 dekar produktiv skog.





Fig.1 Produktiv skog i høve til totalt skogareal i dei tre kommunane våre.

4 Treslag fordeling


Bjørnafjorden kommune



Furudominert skog utgjør 48 % av arealet av produktiv skog i Bjørnafjorden kommune, medan grandominert skog utgjør 8 % av arealet og 17 % av totalvolumet. I åra 2010-2024 var gjennomsnittleg hogst 14 542 kbm, hovudsakleg gran.

Fig.2 Fordeling av hovudtreslag i Bjørnafjorden kommune


Tysnes kommune



Furudominert skog utgjør 50 % av arealet av produktiv skog i Tysnes kommune, medan grandominert skog utgjør 9 % av arealet og 14 % av totalvolumet. Gjennomsnittleg hogst i åra 2010-2024 var 9 870 kbm årleg.

Fig.3 Fordeling av hovudtreslag i Tysnes kommune

Samnanger kommune




Furudominert skog utgjør 44 % av arealet av produktiv skog i Samnanger kommune. Grandominert skog utgjør 4 % av arealet og 21 % av totalvolumet. Gjennomsnittlig hogst i åra 2020-2024 var cirka 2 209 kbm årleg.

Fig.4 Fordeling av hovudtreslag i Samnanger kommune

□ Indre ring = Skogareal | □ Ytre ring = Gran sitt totalvolum

Med 435 000 dekar produktiv skog i våre tre kommunar, der ein stor del er hogstmoden eller nærmar seg denne fasen, er det tydeleg at skogen spelar ein sentral rolle i lokalsamfunnet vårt. Vi registrerer mykje aktivitet i skogen, spesielt hogst, og manglande forynging etterpå. Det er avgjerande å understreke at alle har plikt til å forynge skogen etter hogst. Ifølge Skoglova § 6 har skogeigarane ansvar for å forynge skogen, noko som er essensielt for berekraftig skogbruk og naturmangfald.

Fig.5 Gjennomsnittleg hogst per kommune i periode 2010-2024



5 Skog og skogbruket i framtida

I dagens skogbruk ligg hovudfokuset på hogst, eksport av tømmer og pris på tømmerstokken. Tema som forynging, utfordringar knytt til hogstmetodar, eller skjøtsel av ung skog får lite merksemd, trass i at dei er avgjerande for framtida til skogen. Å sikre breiare sortiment, redusere risiko med tanke på klimaendringar og utvikle fleire bein å stå på, er nærmast fråverande i dagens diskusjonar.

Vi er heilt avhengige av planting når det gjeld forynging av granskog. Gran, på grunn av ulike faktorar, foryngar seg ikkje på ein tilfredsstillande måte naturleg i vårt område. Derimot ser vi at andre treslag, som furu, lerk og ikkje minst lauvtre, foryngar seg ganske bra. Treslagsval er eit avgjerande moment for vidare skogbruksdrift på arealet. Vi kan gje skogeigarane råd om å endra treslag og produksjonsmål dersom tidlegare skog ikkje har vist seg som eigna.

Vi ser utfordringar knytt til omfattande flatehogst og hyppig konsentrert hogst på avgrensa område. Dette har ein påverknad på auka skader frå hjort og snutebillar på nyplanta skog, noko som trugar framtidig skogbruk. Dette er særleg viktig for Tysnes og Bjørnafjorden kommune, der det er registrert ein høg hjortebestand samanlikna med andre kommunar i fylket.




Fig.6 Tal på hjort per kvadratkilometer

Særleg store areal med flatehogst, som er den mest brukte hogstforma i vårt område, skapar ei rekkje problemstillingar.

Vi ser at aktive skogeigarar som hoggar skogen sjølv, nyttar mindre hogstflater og gjer færre terrenginngrep. Våre retningslinjer vil støtte slik drift ved å tildele større tilskotsatsar til mindre hogstflater.

I samsvar med gjeldande regelverk og basert på kunnskap om skogens økologiske funksjonar, er det behov for å bevare eller oppretthalde kantvegetasjonen mot vatn eller myr. Dette vil støtte opp om naturmangfaldet i skogen og bidra til å sikre stabilitet. Det er også avgjerande å støtte etableringa av ein meir variert skog, som er betre tilpassa til klimaendringane. Dette vil ikkje berre auke motstanden mot negative effektar av klimaendringar, men òg bidra til å bevare skogens økosystem og mangfald på lang sikt.

Difor ønskjer vi å fremje utviklinga av skog med ein meir variert treslagstruktur, som betre kan møte dei utfordringane som kjem av både klimaendringar og økonomiske svingingar. Lauvtre bør spele ei større rolle i skogen, då dei bidreg til auka stabilitet og styrkjer skogens helse.

Vi ser utfordringar med gran i monokultur i heile Europa, og derfor ønskjer vi å variere treslagsfordelinga med andre treslag som lerk, edelgran eller og sitkagran, for å skape ein meir balansert og motstandsdyktig skog. Ungskogpleie, avstandsregulering og tynning er avgjerande tiltak som påverkar og stimulerer den positive utviklinga av skogen. Vi ser eit tydeleg behov for å få meir aktivitet hos skogeigarane i dette området gjennom gunstige tilskot til desse tiltaka. Dette vil ikkje berre bidra til å betre skogkvaliteten og auke avkastninga, men også sikre ein meir berekraftig og mangfaldig skogbruk.

Tilskot til miljøtiltak i samband med hogst kan òg bidra til meir berekraftig og miljøvenleg skogbruk, særleg i vårt område der over 30 % av skogen ligg i bratt terreng med fare for skred, steinsprang og ikkje minst erosjonsfare.

Vi står overfor utfordringar knytt til forvaltninga av skogressursane i ein situasjon der vi har om lag 1300 landbrukseigedomar med over 10 dekar skog i dei tre kommunane våre, og dei fleste av skogeigarane er ikkje aktive. Difor ser vi behov for å stimulere til betre planlegging i skogbruket og betre forvaltning av skogressursane.

Vi ser behovet for å leggja større vekt på betre planlegging av alle tiltak innan berekraftig skogbruk, og gjennom nye retningslinjer for tildeling av tilskot ønskjer vi å få flest mogleg skogeigarar til å engasjere seg i rasjonell forvaltning av skogen sin.




Fig. 7 Areal av hogst, planting, og ungskogpleie i periode 2010-2024

På bakgrunn av desse utfordringane ønskjer vi å stimulere til ein meir stegvis og tilpassa foryngingsstrategi, der heile hogstflata ikkje blir planta samtidig. Ved store hogstflater, særleg der arealet overstig 50 dekar, tilrår vi at det i første omgang blir planta om lag 40–50 % av arealet. Dette gir rom for å følgje utviklinga over tid og tilpasse vidare planting etter lokale forhold og aktuelle utfordringar, som hjortepåverknad, snutebillepress og etableringsforhold.

6 Grunnlag og kriterium for tildeling av tilskot etter kommunale retningslinjer

6.1 Planting

Planting er den viktigaste metoden for forynging av skog etter hogst eller skogreising per i dag. Grunna for at ein vel planting fram for naturleg forynging er grunna i måten ein hogge skogen men òg korleis kulturlandskapet på Vestlandet vart brukt før 1960. Etter flatehogst er det ikkje nok frøberande tre på arealet. Skogeigaren har plikt til å forynge skogen innan tre år etter hogst, med moglegheit for å forlenge dette til fem år der det ut frå klimatiske og lokale forhold er forsvarleg. Skogeigaren har det økonomiske ansvaret for å gjennomføre tiltaka og sikre at dei blir tilfredsstillande oppfylte.

Vi ser at det er behov for å nytte fleire treslag ved forynging for å unngå ustabile, granbaserte bestand. For å oppmuntra skogeigarar til å velje eit variert treslag, innfører vi høgare tilskot for planting av andre bartre. Tilskotet for planting av sitkagran er det same som for vanleg gran.

I samsvar med forskrift om berekraftig skogbruk bør ein sikte mot minimum 10 % lauvtreandel ved forynging av barskog. Dei føreslåtte tilskotsatsane vil støtte bruken av lauv i ny skogplanting.

Planting av sitkagran og lerk er søknadspliktige og kan skje berre etter godkjenning frå Statsforvaltaren.

Planting av bøk og andre lauvtre bør vere planlagt i samarbeid med kommunen eller med fagfolk som har kunnskap og kompetanse innan skogkultur.

Tilskotsats - planting

Data og forskning viser at forynging av skog er avhengig av storleiken på plantearealet. Mindre plantefelt gir betre resultat for forynginga, og vår strategi er å støtte skogeigarane som vel å hogge mindre hogstflater.

Ordinær tilskot etter hogst:

- a) plante gran: 10%
- b) plante andre bartre*: 20%
- c) plante lauv: 30%

I hogstfelt under 20 daa (tillegg til ordinær tilskot):

- a) plante gran: 20%
- b) plante andre bartre*: 20%
- c) plante lauv: 20%

I hogstflater med helling over 30% (tillegg til ordinær tilskot):

- a) plante gran: 10%
- b) plante andre bartre*: 20%
- c) plante lauv: 20%

Tabell 1: Tilskotsats - planting

Tiltak	Ordinær tilskot (%)	under 20 daa tillegg (%)	Helling over 30% tillegg (%)
<i>Planting av gran</i>	10	20	10
<i>Planting av andre bartre</i>	20	20	20
<i>Planting lauv</i>	30	20	20

Etablering av kantsone gjennom planting:

- a) plante svartor: 70%

- b) plante andre lauvtre: 50%

Tabell 2: Tilskotssats - kantsone

Tiltak	Kantsone (%)
<i>Planting svartor</i>	70
<i>Planting andre lauv</i>	50

Planting av innblandet gruppe i granbestand:

Tiltaket vil bidra til å etablere meir variert og robust skog, og utnytte gunstige lys- og jordforhold som oppstår etter hogst.

Ved å plante inn mindre grupper med andre treslag i eksisterande granskog, kan ein styrkje skogens økologiske funksjonar, redusere risiko knytt til monokultur og betre tilpasse skogen til framtidige klimaendringar.

Slike tiltak må planleggast nøye og gjennomførast i samråd med kommunen, og kan berre utførast etter godkjenning. Val av treslag, omfang og plassering skal vurderast ut frå både skogfaglege og miljømessige omsyn.

- a) plante andre bartre*: 30%
b) plante lauvtre: 50%

Tabell 3: Tilskotssats - innblandet gruppe i granbestand

Tiltak	innblandin g gruppe (%)	Helling over 30% tillegg (%)
<i>Planting av gran</i>	-	-
<i>Planting av andre bartre*</i>	30	10
<i>Planting av lauv</i>	50	10

*) Planting av andre bartre enn gran og furu kan vere søknadspliktig.

6.2 Suppleringsplanting

Når avgang etter planting er større enn 30-40 %, bør suppleringsplanting vurderast, avhengig av bonitetet.

Det er 40% sentralt tilskot til 75 planter per dekar. Dette sentrale tilskotet gjeld for suppleringsplantingar som treng mellom 1 og 75 planter per dekar, så lenge

utgangstettleiken etter suppleringsplanting er innanfor dei gitte bonitetsavhengige intervala.

Tabell 4: Suppleringsplanting - plantetal

Bonitet	Minimums plantetal per dekar
26	220
23	220
20	200
17	180
14	160
11	130
8	100

Dei 75 planta får både tilskot til suppleringsplanting og vanleg NMSK-tilskot.

Alle planter over dette «taket» mister altså det sentrale tilskuddet på 40 %, og igjen står kun ordinær NMSK-sats.

Summen av tilskot til suppleringsplanting vil ikkje overstige **80%**.

6.3 Ungskogpleie og avstandsregulering

Ungskogpleie er eit viktig tiltak som sikrar optimal produksjon og kvalitet i skogen. Dette tiltaket har stor innverknad på skogens lønsemd i framtida, og er avgjerande for å ivareta dei beste enkelttraa og treslagene.

Vanlegvis vert ungskogpleie utført når stammene på trærne er mellom 1 og 4 meter høge. Dersom det ikkje vert utført ungskogpleie, kan det ha negative konsekvensar for kvaliteten på den framtidige skogen og redusere den økonomiske effekten betydeleg. Det er derfor viktig å utføre ungskogpleie i rett tid for å sikre ein sunn og produktiv skog i framtida.

Avstandsregulering: eit generelt mål med tiltak er å sikre at eit optimalt tal av dei mest ønskete treslaga og dei beste enkelttre er jamnt fordelt over arealet.

Tabell 5: Tilskotssats - ungskogpleie og avstandsregulering

Tiltak	Ordinær tilskot (%)	Flate under 20 daa Tillegg (%)	Helling over 30% tillegg (%)
Ungskogpleie	40	15	15
Avstandsregulering	40	15	15

6.4 Tynning

Det er svært lite skogareal i våre kommunar som ligg i den aldersklassen der tynning er eit relevant tiltak.

Tynning er eit skogbehandlingstiltak som nyttast for å påverke bestandet i ei ønskja retning, til dømes for å betre kvaliteten, stabiliteten og framtidig verdi. I våre tre kommunar har tynning vore lite nytta, mellom anna på grunn av terrengtilhøve og skogstruktur.

Tiltaket bør i hovudsak gjennomførast etter vurdering i samråd med fagperson eller kommunen, for å sikre at det vert utført på ein føremålstenleg og skogfagleg forsvarleg måte.

6.5 Flatelydding (mekanisk lauv og busk rydding)

Det er 20% av tilskot ved første gongs etablering av kulturskog. Tiltaket må godkjennast på førehand av kommunen.

6.6 Markberedning

Markberedning har som mål å bearbeide det øvste laget av jorda for å betre etableringsforholda for plantar. Dette tiltaket fører til auka overleving, raskare vekst og redusert tap av plantar.

Det er 20% av tilskot til tiltak. Tiltaket må godkjennast på førehand av kommunen.

6.7 Gjødsling fastmark

Det er 25% tilskot til tiltak. Tiltaket må godkjennast på førehand av kommunen.

6.8 Mekanisk arbeid

Kvisting er fjerning av nederste grener på trær for å fremme rett stammevekst og påvirker positivt kvaliteten på tømmeret.

Det er 20% tilskot til tiltak. Dette tiltaket kan føre til skadar i skogen dersom det ikkje vert gjennomført på ein fagleg måte. Det er viktig å hente råd frå fagfolk før tiltaket vert sett i verk.

Tabell 6: Tilskotssats - mekanisk arbeid

Tiltak	Ordinær tilskot (%)	Flate under 20 daa tillegg (%)	Helling over 30% tillegg (%)
<i>Flaterydding</i>	20	15	15
<i>Markberedning</i>	20	15	15
<i>Gjødsling</i>	25	5	5
<i>Kunstig kvisting</i>	20	15	15

6.9 Tilskot til miljøtiltak i skog

Tilskot vert gitt for å ivareta og vidareutvikle miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminner.

Det utgjer 50% av tilskotet for tap eller meirkostnader som oppstår i samband med skjøtsel av miljøverdiar.

Tiltaket må godkjennast på førehand av kommunen, og skogeigar og kommune må inngå ein avtale om kva plikter og restriksjonar tilskotet føreset. Tap og meirkostnader må dokumenterast tilstrekkeleg.

Tabell 7: Tilskotssats - tilskot til miljøtiltak i skog

Tiltak	Ordinær tilskot (%)	Flate under 20 daa tillegg (%)	Helling over 30% tillegg (%)
<i>Miljøtiltak</i>	50	-	-

6.10 Såing

Såing kan vere eit alternativ til planting, særleg i område som er dominert av gran.

Såing skal utførast etter markberedning.

Det vert gjeve 20% av tilskotet til slike tiltak. Tiltaket må godkjennast på førehand av kommunen.

Tabell 8: Tilskotssats - såing

Tiltak	Ordinær tilskot (%)	Flate under 20 daa tillegg (%)	Helling over 30% tillegg (%)
<i>Såing</i>	20	15	15

6.11 Førebygging mot hjort

Hjorteskadar i skogen er betydelege og kan ha stor innverknad på skogens helse og økonomiske verdi. Hjorten beitarr på unge trær og knopper, og dette kan hemme

veksten og overlevinga av skogen. Beiting kan føre til redusert tilvekst og økt dødeligheit blant trærna, samt endre skogens struktur og biologiske mangfald. Dette understrekar viktigheten av tiltak for å redusere hjortens påverknad og sikre ein sunn og produktiv skog.

Bygging av voll med t.d. kvist og hogstavfall – etter avtale med kommune.

Gjerde – etter avtale med kommune.

Kontrollgjerde (14x14 m) – inntil 100% tilskot til tiltak. Etter avtale med kommune.

Ull og andre mekaniske metoder – inntil 30% tilskot til tiltak.

Repellent – inntil 30% tilskot til tiltak.

Tabell 9: Tilskotssats - førebygging mot hjort

Tiltak	Ordinær tilskot (%)	Flate under 20 daa tillegg (%)	Helling over 30% tillegg (%)
Voll	avtale		
Gjerde	avtale		
Kontrollgjerde	100	-	-
Ull/mekaniske Metoder	30	20	10
Repellent	30	20	10

7 Tilskotssatsar og eksemplar

Oversikt over tilskotssatsar

Tiltak	Ordinær tilskot	Tillegg under 20 daa	Tillegg ved helling >30%
<i>Planting av gran</i>	10%	+20%	+10%
<i>Planting av andre bartre</i>	20%	+20%	+20%
<i>Planting av lauv</i>	30%	+20%	+20%
<i>Planting svartor (kantsone)</i>	70%		
<i>Planting andre lauv (kantsone)</i>	50%		
<i>Innblanding andre bartre</i>	30%		+10%
<i>Innblanding lauv</i>	50%		+10%
<i>Suppleringsplanting (inntil 75 planter/daa)</i>	40% (sentralt)		
<i>Ungskogpleie</i>	40%	+15%	+15%
<i>Avstandsregulering</i>	40%	+15%	+15%
<i>Flaterydding</i>	20%	+15%	+15%
<i>Markberedning</i>	20%	+15%	+15%
<i>Gjødsling</i>	25%	+5%	+5%
<i>Kunstig kvisting</i>	20%	+15%	+15%
<i>Miljøtiltak</i>	50%		
<i>Såing</i>	20%	+15%	+15%
<i>Kontrollgjerde</i>	100%		
<i>Ull / mekaniske metodar</i>	30%	+20%	+10%
<i>Repellent</i>	30%	+20%	+10%
<i>Gjerde/voll</i>	Etter avtale		

Døme på ulike konstellasjonar av tilskot

Eksempel 1: Standard granplanting på stort felt

<i>Tiltak</i>	<i>Planting av gran</i>
<i>Areal</i>	30 dekar
<i>Helling</i>	Under 30 %
<i>Treslag</i>	Gran

Tilskot

- Ordinær sats for planting av gran etter hogst: **10 %**
- Ingen tillegg

Samla tilskot: 10 %

Eksempel 2: Planting av gran i bratt terreng på lite felt

<i>Tiltak</i>	<i>Planting av furu</i>
<i>Areal</i>	15 dekar
<i>Helling</i>	Over 30 %
<i>Treslag</i>	Gran

Tilskot

- Ordinær sats for planting av furu etter hogst: **10 %**
- Tillegg for areal < 20 daa: **+20 %**
- Tillegg for helling > 30 %: **+10 %**

Samla tilskot: 50 %

Eksempel 3: Innblanding av lauvtre i eksisterande granbestand

<i>Tiltak</i>	<i>Innblanding av lauvtre</i>
<i>Areal</i>	10 dekar
<i>Helling</i>	Over 30 %
<i>Treslag</i>	Lauv

Tilskot

- Ordinær sats for innblanding av lauvtre: **50 %**
- Tillegg for helling > 30 %: **+10 %**

Samla tilskot: 60 %

Eksempel 4: Ungskogpleie i bratt terreng

<i>Tiltak</i>	<i>Ungskogpleie</i>
<i>Areal</i>	22 dekar
<i>Helling</i>	Over 30 %
<i>Treslag</i>	–

Tilskot

- Ordinær sats for ungskogpleie: **40 %**
- Tillegg for helling > 30 %: **+15 %**

Samla tilskot: 55 %

*Eksempel 5: **Kombinert** granplanting og kantsone etter hogst (100 daa)*

a) Tiltak: Planting av gran på 50 % av areal

<i>Tiltak</i>	<i>Planting av gran</i>
<i>Areal</i>	50 dekar
<i>Helling</i>	Under 30 %
<i>Treslag</i>	Gran

Tilskot

- Ordinær sats for planting av gran etter hogst: 10 %
- Ingen tillegg

Samla tilskot: 10 %

b) Tiltak: Planting av svartor i kantsone

<i>Tiltak</i>	<i>Planting av svartor</i>
<i>Areal</i>	15 dekar
<i>Plassering</i>	Kantsone

Tilskot

- Ordinær sats for planting av svartor i kantsone: 70 %
- Ingen tillegg

Samla tilskot: 70 %

c) Tiltak: Suppleringsplanting etter fem år

<i>Tiltak</i>	<i>Suppleringsplanting</i>
<i>Areal</i>	20 dekar

Tilskot

- Ordinær sats: 40 %
- Ingen tillegg

Samla tilskot: 40 %